



Rune Haaland
Røsvikrenen 7
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/635 - 19/31522

Saksbehandlar:
Kristin Moe
Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:
23.10.2019

Svar på førespurnad om innsyn

Viser til e-post datert 22. oktober 2019, der du ber om innsyn i avtale mellom Lindås kommune og ein tidlegare tilsett ved Knarvik ungdomsskule.

Kravet vert å avslå.

Avtalen inneheld opplysningar om «*noens personlige forhold*» som er underlagt teieplikt, jf. offentleglova § 13 første ledd, jf. forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 1.

Dersom kommunen gir innsyn i opplysningar frå avtalen og ein held desse saman med anna kjent informasjon, så vil det kunne skade eller utlevere personen kommunen har inngått avtale med.

Opplysningane som er omfatta av teieplikten utgjer den vesentlege delen av avtalen, og heile avtalen kan difor unntakast frå innsyn, jf. offentleglova § 12 bokstav c.

Kommunen meiner uansett at det er «*påkravd*» å gjere unntak frå innsyn i avtalen, «*av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av personalforvaltninga i kommunen*», jf. offentleglova §23 første ledd.»

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl. § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det organ i kommunen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Mottakarar:
Rune Haaland

Røsvikrenen 7 5914

ISDALSTØ